

# ÅRSPLAN 2018/2019



## Røysekatten barnehage

UNDRANDE

NATURBRUK


IDERIK

KJÆRLEG

ENGASJERT



Den  
unike  
barnehagen



Bjerkreim kommune

## ÅRSPLAN – KVA ER DET?

Ein årsplan er ein plan over barnehageåret. Det vil seie kva barnehagen ynskjer å jobbe med, og kva vi vil formidle til barna. Det er eit innblikk i barnehagen vår. Kvar barnehage er pålagt av norsk lov til å ha ein årsplan. Årsplanen blir laga i samråd med foreldra gjennom evalueringssarbeid og samarbeidsutvalet. Det er samarbeidsutvalet som godkjenn årsplanen.

## RAMMEPLANEN

I august 2017 trer den nye rammeplanen for barnehagen i kraft.

"Rammeplan for barnehagar" er ei forskrift til "Lov om Barnehagar" (2005). Den gjev barnehagen rettesnorer for drift og verksemd, og påverkar det daglege arbeidet. Ein forpliktande ramme for planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen. Nokre av hovudpunktene i planen ser du til høgre. Viss du vil ha meir informasjon om Rammeplanen, sjå:

<http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/>

## MÅL FOR ÅRSPLANEN

- Informasjon om innhaldet i barnehagen til foreldre og ulike instansar.
- Vera eit arbeidsreiskap for personalet.
- Sikre progresjon og kvalitet.
- Utgangspunkt for samarbeid med foreldre.
- Hjelpe å evaluere barnehagen.

## HOVUDPUNKTA I RAMMEPLANEN

- Ivareta barna sine behov.
- Fokus på dei yngste.
- Fokus på sosial kompetanse, mobbing, fysisk aktivitet, naturopplevelingar og kultur.
- Barns medverknad.
- Progresjon
- Samarbeid barnehage og heim.
- Samarbeid/overgang barnehage og skule.
- Dei 7 fagområda.

## HISTORIKK

Røysekatten barnehage opna 12. august 2005 med brask og bram av dåverande Barne- og familieminister Laila Dåvøy. Personalet og barna som hadde vore i gamle Bjerkreim barnehage flytta inn. Ein 1- avdelingsbarnehage i Bjerkreim sentrum hadde no blitt ein 3-avdelingsbarnehage i Røyslandsdalen.

Året etter blei Røysekatten utvida med den 4.avdelinga. Dette viste seg å heller ikkje vere nok, så i August 2012 ble Røysekatten utvida med 2.avdelingar til.

Samarbeid og utvikling på tvers av avdelingane er spennande og fruktbart.





## Pedagogisk grunnsyn – barnehagens grunnmur

Omgrepet pedagogisk grunnsyn handlar om kva vi byggjer vårt arbeid på. Det handlar om korleis vi ser på barn, korleis vi tenkjer at barn lærer og utviklar seg i samspel med andre. Vi meiner at personalet i barnehagen må ha ein felles pedagogisk plattform for alt arbeid i barnehagen. Det handlar også om verdiar, holdningar og taus kunnskap som vi alle har. For å kunne være medvit dette i det daglege, må vi ha dialog, diskusjonar og refleksjonar der vi vurderer vårt eige arbeid og legge føringar for vegen vidare. Vi ønskjer å vera den **UNIKE** barnehagen: **Undrande**, **Naturbruk**, **Idérik**, **Kjærleg** og **Engasjert**.

Vi vel å presentere vårt felles pedagogiske grunnsyn i punkter:

- Barn er kompetente individer med medfødt evne og vilje til leik, kommunikasjon og læring.
- Vi vil ta barn på alvor ved å møte dei på ein respekfull og anerkjennande måte
- Barnet sansar med heile seg, og inntrykk og erfaringar frå omgjevnaden vil vera med på å prega barn sitt kjensleliv og intellekt.
- Personalet må vera bevisst sin rolle som modeller.
- Verdiar som demokrati, solidaritet og det å ha eit inkluderande fellesskap lærar og erfarer barn i samspill med bevisste vaksne og i møte med andre barn.
- Barnehagen skal gje rom for og verdsette barn sine kjensler
- Vi ser på alle barn som unike, individuelle og med ulike behov

I tråd med vårt pedagogiske grunnsyn vil barn sin medverknad vera både nødvendig og naturleg for å skape ein kvalitativ god barnehage. Vi håper at barn sin rett til medverknad er synleg gjennom heile årsplanen og i vår barnehage kvardag. For foreldre kan det vera nyttig å lese om kva som ligger i omgrepet barns medverknad i Rammeplanen.

### KVA LEGG VI I ORDET - UNIKE?

#### **U UNDRANDE**

- Gje barna sjansen til å vera filosof (lar barna studera og undra seg saman med vaksne)
- Setje av tid og ro til å vera i den gode samtalen

#### **N NATURBRUK**

- Vi er i aktivitet, bruker og blir kjend med naturen
- Fysiske og positive opplevingar i naturen.

#### **I IDÉRIK**

- Kreative og spontane
- Tar tak i det barna er interessert i.


#### **K KJÆRLEG**

- Den vaksne skal alltid vera større, sterkare, klokare og god.

#### **E ENGASJERT**

- Gode arbeidsvilkår, fordele arbeidsoppgåver ut frå interesse
- Godt førebudd – gode planer
- Lystbetont og leken.






#### **Personalet i Røysekatten barnehage skal:**

- Bidra til å gje barna ei oppleving av ein god barndom.
- Sjå kvart enkelt barn.
- Skapa ein trygg kvardag med rom for spontanitet.
- Vera til stades og ikkje på veg til noko anna.
- Vera ein tydeleg, leikande, aktiv og omsorgsfull vaksen, med fokus på prosess og progresjon.
- Leggja til rette for at barna får moglegheit til ro og kvile i løpet av barnehagedagen.
- Skapa eit godt miljø med tillit, respekt og humor.
- Ha mot til å sjå og evne til å handla.
- Halde oss oppdatert innanfor rammeplan og anna fagstoff.





Med utgangspunkt i rammeplanen sine 7 fagområde vil vi aktivt bruka leik som metode for å gje barna ein meiningsfull og utbytterik kvardag i barnehagen. Det overordna temaområdet dette året er: Leik og livet på garden, og gjennom desse vil me flette inn dei ulike fagområda. Ønskjer du meir utfyllande om rammeplanens 7 fagområde, kan du gå inn på:

<http://www.udir.no/Barnehage/Rammeplan/>

### **Barnehagen har ansvar for å sikra progresjon i barna si utvikling.**

Progresjon i barnehagen inneber at alle barna skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Opplevinga av meistring er nært knytta til utviklingen av eit godt sjølvbilete, defor må alle barna få utfordringer tilpassa sitt ståsted.

Barna uviklar seg ulikt og med forskjellig tempo. Progresjonen skal derfor følgje barnet, ikkje ei bestemt aldersgruppe. Det er viktig at me vaksne i Røysekatten har god kunnskap om det enkelte barn, slik at me kan gje han/ho noko å strekkje seg etter tilpassa kvart enkelt barn sitt ståsted.

Barnehagen skal gje kvar einskildt barn gode utviklingsmogeligheter ut ifrå barnet sine interesser og evner. Personalalet skal gje barna varierte erfaringar og opplevingar. Personalalet skal sjå og bekrefte barna i meistringsøyeblikka, og ivareta barna si oppleving av meistring.



## **Hausten sitt tema: Leik**

Du spør kanskje kva barnet ditt har gjort i barnehagen når du henta det, og barnet seier "æg he bare lekt". Dette er ikkje bare bare, det er faktisk eit veldig godt teikn på at barnet har "jobba" med det som er viktig for seg og sine jamn aldrande.

Leiken skal ha ein framtredane plass i barnas liv i barnehagen. Leiken har eigenverdi og er ei viktig side ved barnekulturen. Leiken er eit fenomen, der barna har høy kompetanse og engasjement. Den er ein grunnleggjande livs - og læringsform som barn kan uttrykke seg gjennom. Leiken er ein frivillig aktivitet som gir barna orden, spenning og glede. Alt skjer på "liksom" utafor den "verkelege verda".

Barna sorterer det dei observerer i kvardagen, og leiker det ut. Det skjer både formell og uformell læring i barnehagen, og leiken står for mykje av den uformelle. Vi ønskjer å framelska leiken. Vi ser at barn får mange erfaringar og god sosial trening i leik med andre. Sosial kompetanse er barnas evne til å spela på lag. Det å kunne samarbeide, kunne hevde seg sjølv, kunne vente på tur, kunne være gode mot kvarandre, kunne leike, smile og kose seg i lag osv. Leik er rett å slett trening i å meistra livet.

Lykkas me med dette er sjansen større for å førebyggja mobbing blant barn. I tillegg må me som vaksne ha eit våke blikk og ta signal som kjem fra barna om ting som ikkje fungerer og ikkje er greitt. Vist nødvendig må tiltak setjast i gang umiddelbart. Sjå plan for psykososialt arbeid på nettsida vår.

Å få delta i leik, få venner, og være ein del av eit fellesskap er grunnlaget for barnas trivsel og meining skapande i barnehagen. I samhandling med kvarandre kan det leggjas grunnlaget for læring, omsorg og sosial kompetanse.

Barns sjølvtillit og barns sjølvbilete er to forskjellige ting. Sjølvtillit handlar om kva du synest du er god til, kjensle av å meistra oppgåver, kunnskap og kva man kan. Sjølvbiletet er det totale bilde ein har av seg sjølv. Vi ønskjer at barn skal sjå seg sjølv som verdifulle og viktige, ikkje bare sett i forhold kva de presterer, men kven dei er. Gjennom å vera nærverande, og omsorgsfulle vaksne, kan me hjelpe barna å få eit godt sjølvbilde.

Barn som ikkje leiker må hjelpast inn i leiken. Alle barn kan leike. Den vaksne sin oppgåve blir å delta aktivt, veiledane, støttane, oppmuntrane og inspirerane.

Korleis vi legg til rette for god leik handlar om fleire ting.

Vi må skape tid og verne leiken mot støy og avbrot, innreirom slik at dei er estetisk innbydande, og finna gode naturområder som er spanande. Me må og vera bevisst korleis me organiserer barnegruppene, og byggja opp om relasjonar som vert skapt i barnehagen. Med å vera aktive vaksne i leiken, signaliserer me at leik er viktig. Samtidig bør vaksne gå inn i leiken på barna sine premissar og vera gode rollemodellar.



## Mål:

**Ved å vera leikekloke vaksne i ein leikeklok barnehage ynskjer me å lære barna gode leikeferdigheiter.**

## Personalet skal:

- Leggja til rette og inspirera til leik.
- Gje barna felles intrykk, slik at det kan utviklast eit felles grunnlag for leik. Eit inkluderande leikemiljø der alle barna har mogelighet til å uttrykkja seg , og få erfara gleden i leiken.
- Ta initiativ og delta i leik.
- Observera, rettleia og støtta barn i leik.
- Verta meir leikekloke gjennom teori og praksis.




## Våren sitt tema: Livet på garden



Mål:

- Barna skal få kjennskap til Bjerkreim som ein landbrukskommune.
- Barna skal verta kjende med ulike dyr.
- Få kjennskap med produksjon av mat. Dyrking, slakt, ost, grønsaker og liknande.
- Få kjennskap til naturen og bærekrafig utvikling.
- Forstå behovet av å ta vare på natur og miljø.
- Verta kjende med kropp, bevegelse, mat og helse.





## Medverknad

Barna sin medverknad er ein viktig del av vårt pedagogisk verke og tenking. Medverknad stimulerer barns nyfikenheit, skapartrong og sjølvbilete.

Barnehagebarn er i høg grad kompetente til å skape kunnskap og meining i sitt liv. Det handlar om å verte anerkjend. Anerkjend som eit menneske. Eit menneske som skal få lov til å uttrykkja eigne opplevingar gjennom ord og kropp. Rammeplanen seier at «*Barn skal jamnleg få høve til å delta aktivt i planlegginga og vurderinga av barnehageverksemda. Alle barn skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen.*»

- Medverknad handlar om meir enn å få velje å vera ute eller inne.
- Medverknad handlar om å oppleva anerkjennelse for eigne tankar og meininger.
- Medverknad er å oppleva at eigne tankar og meininger vert høyrt.
- Medverknad er å oppleva at eigne tankar og meininger nokon gonger får konsekvensar.
- Medverknad er å verta inkludert i fellesskapet.

Måltidet	Turen	Påkledning	Voksen rolla	Samling	Morgenen
Målsetningar:	Målsetningar:	Målsetningar:	Målsetningar:	Målsetningar:	Målsetningar:
Tilby barna sunn og variert kost til våre faste måltid.  Personalet er bevisst på å introdusere barna for frukt og grønsaker, og redusere sukker og salt i måltidene.  Vere gode rollemodellar for barna-til å prøve maten som vert sett på bordet.  Oppfordra foreldre til å ha sunn og variert kost (skive, frukt og grønsaker) i matboks.  Måltidet er ein unik muligheit til å ha den gode samtaLEN, ha fokus på høflegheit, skape samhald og fellesskap.	Tilby barn turar i vårt nærmiljø.  Barna skal få bruke alle sansane (føle, sjå, lytte, høre og bruke kroppen)  Opplevinga på turen, viktigare enn lengda på turen. Planlegg tur ut frå alder, modenskap og utvikling.  Personalet er gode forbilde, oppmuntrar og støtter barnet på tur, Gje barnet tid til å meistre. Ut på tur-aldri sur.	3 plagg regelen for påkledning for tur/lek ute (ull, fleece og vindtett jakke) Lue er viktig. Alle barn skal ha kler dei kan bevege seg.  Ulike barn – ulik påkledning. Vi kler barna etter behov.  Klare å kle på seg sjølv, oppleva meistring.	Tydelege og samstemte vaksne som tørr sette grenser for barna.  Avdelingane har få, konkrete verdiar, som alle følgjar opp.  Positive, endringsvillige og imøtekommande.  Vi skal gjere kvarandre gode, lære av kvarandre og vera rause.  Munnleg tilbakemelding om dagen i dag, til foreldra ved henting.	Skape godt miljø der smil, humor, læring, latter, song og glede er fram tredande.  Samlingar der fokuset er på sosial kompetanse.  Planlegge og leggja til rette samlinga for den aktuelle aldersgruppa.	Vi ønskjer at alle barn skal få ein roleg og god start på dagen – vi ser barna, lyttar og har tid til dei. Vi er tilstade.  Aktivisere dei med leiker og aktivitetar ut frå barnas interesser.  Skrive ned beskjeder og vidareformidle dei til dei det gjeld.  Forberede barna på kva som skal skje i løpet av dagen.



# AVDELINGANE

## Små barn 0-3 år

Harehiet og Ekornhiet blir slått saman i år.

Dette barnehageåret vert småbarnsavdelingane kalla **småtroll**. Her vil det vera sentralt at barna kjenner seg trygge. Barna må møte faste rammer og læra seg å vera aleine utan mor og far. Vi skal gjere det beste for at barnet får det trygt og godt.

Vi vil i samråd med dykk foreldre lage rutinar som passer dykker barn. Vi er fleksible, og tilpassar oss barna sine sovemønstre. Når barna ikkje sov, leikar dei inne eller ute.

Barn under 3 år blir kalla "toddlar". Dette hengar saman med at barn i denne alderen nyttar kroppen sin aktivt i sin framferd. Dei stabbar og går. Dei samspelar og kommuniserer med kroppen, blikk, augekontakt og mimikk. Ved bordet kan eksempelvis eit barn starte og snu koppen eller lage ein rar lyd. Eit anna barn vil deretter herme etter dette, barnegruppa bryter ut i latter. Slik får barna stadig nye erfaringar, og meistrar meir for kvar dag.

### Mål for 0-3-åringane:

- Utvikle sosial kompetanse. Lære å ta kontakt med kvarandre på ein positiv måte.
- Bli sett, hørt og tatt godt vare på slik at dei trives i barnehagen.
- Få tid til leik og opplevingar. Utvikle grov- og finmotorikken.
- Få god språkstimulering og bli introdusert for eventyr, rim og regler.
- Få med seg gode og positive tur og friluftsopplevingar.
- Få bruke sansane sine, oppleve meistring og prøve sjølv.



## **Store barn 3-5 åringane**

For barna på dei **3 store avdelingane – Grevlinghiet, Ulvehiet og Revehiet**, er tryggleik fortsatt viktig for barna. Barna skal få utfordre og oppleve meistring i trygge omgjevnader.

### **Samlingstund**

For at eit godt fellesskap skal vakse fram, bør kvar dag innehalda moment av samling omkring noko «felles». Samlingane i barnehagen bidrar til å utvikle gruppekjensle ved at alle i gruppa er tilstade samstundes og held på med noko saman. Det kan vera song, leik, lesa høgt eller samtala om sjølve livet i gruppa.

Samlingstund er ein arbeidsmåte me brukar for å belysa tema\prosjekt og formidla kunnskap. Det er opp til dei vaksne å gjera innhaldet spanande og interessant, slik at barna får oppleva fellesskap og læring. Vi bruker alt frå rim og regler, songar, instrument, sosial kompetanse, eventyr, bøker, dramatisering, fysikkforsøk og gymleik. Dette er og ein viktig arena for å fortelja kva ein har opplevd heime eller i barnehagen.

### **Tur**

Turane vi går på er varierte, både i innhald og kva område vi går til.

Røysekatten barnehage ligg i naturskjønne omgjevnadar, naturen ligg rett utanfor døra. Her er flotte utrområder som gir gode utfordringar og plass til utfalding. Vi gjer barna utfordringar etter kvart som dei utviklar seg. Vi ynskjer å gje barna gode opplevingar i naturen, og ha fokus på at barna bruker sansane sine. Barna skal få positive opplevingar, og utvikla respekt for naturen.

### **Aktivitetar**

Dei ulike aktivitetane planlegg me ut frå barnas interesse. Det er viktig at barna får be arbeida dei inntrykka dei får. Gjennom aktivitet/teikning/forming som har same tema som turane, får barna gje uttrykk for inntrykk.

Elles håper vi at barna vil oppleve gleda av å lage, utforske ulike materiell, oppleve mestring og utvikle sine kreative evner.

## **MÅL FOR 3 – 5 ÅRINGANE**

- Bli kjent med kvarandre og utvikla vennskap.
- Lære sosiale verdiar, og trenere leikekompetansen.
- Få positive meistringsopplevelingar der fokus blir på sjølvutvikling og vera sjølvstendig.
- Utvikle seg språkleg.
- Få kjennskap til bokstaver og tal.
- Barna skal bli kjent med eventyr, songar, rim og regler.



## MÅL FOR FØRSKULEKLUBB

- Barna i forskulegruppa, skal få dei beste vilkår for å meistre, og oppleva overgangen til skulen på ein positiv måte.
- Vi har fokus på venskap og sosial kompetanse.

### **Ting vi gjør:**

- Vi reiser faste dagar i månaden til kulturskulen
- Besøker skule og SFO.
- Leik og læring med for eksempel bokstavar, begreper, tal, sanger, rim og regler.
- Året avsluttast med tur og høgtideleg fest.

Barna skal oppleva at det er ein samanheng mellom barnehage og skule. Barnehagen skal leggja til rette for at barna får ei god avslutning på barnehageperioden, og at dei er forberedt til å begynna på skulen.

Dette gjer ein i nært samarbeid med heim og skule.

- Barnehagen skal leggja til rette for at barna får ein god overgang ved å gje skulen høve til å møta barna og omvendt. Dette for at skulen skal få kjennskap til det enkelte barnet, og at barna skal verta trygge på skulen.
- Personalelet skal gje barna den tryggleiken og omsorgen som er nødvendig i forhold til overgang barnehage til skulen.
- I samråd med foreldrene skal barnehagen sikra at nøvendige informasjon vert overbrakt til skulen.





## Dette skjer 2018-2019

Månad	Dato	Innhald
August	13+14/08	Planleggingsdagar Grillfest
September	25/09	Foreldremøte Oppstarts samtaler Brannvern Leik
Oktober		Foreldresamtaler Leik
November	16+23/11	Planleggingsdagar Foreldresamtaler Leik
Desember	30/11 06/12	Adventssamlinger Lys fest Nisselfest
Januar	02/01	Planleggingsdag Gard
Februar	12/02	Karneval Gard
Mars	12/03	Barnehagedagen Gard
April	25/04	Påskesamling Foreldremøte
Mai	16/05	Besteforeldre kaffe
Juni	14/06	Besøksdag nye barn Grillfest Avslutningsfest for skulebarna Sommaravslutning
Juli		Sommarbarnehage
August	12+13/08	Planeggingsdagar

## RØYSEKATTEN BARNEHAGE

✉ KONTORET            51 45 96 60  
Styrar: Inger Johanne

✉ SMÅTROLL:

- HAREHIET        51 45 96 64/mob:40444949  
Ped.leiar: Jane  
- EKORNHIET        51 45 96 68/mob.nr.:40444947  
Ped.leiar: Monica

✉ ULVEHIET        51 45 96 62/mob.nr.:40444951  
Ped.leiar: Unni

✉ REVEHIET        51 45 96 61/mob.nr.40444950  
Ped.leiar: Mette

✉ GREVLINGHIET    51459671/mob.nr.:40444948  
Ped.leiar: Mona Lise

*Barnehagen skal gje barn under opplæringspliktig alder gode utviklings-og aktivitetsmuligheter i nær forståing og samarbeid med barnas heim*

*(Barnehageloven §1 Formål*